

## **TIL DEG PÅ UNGDOMSSTRINNET**

**Du kan klage på standpunktcharakterane du får på ungdomsskulen, dersom du meiner reglane for å sette standpunktcharakter ikke er følgde. Dei fleste standpunktcharakterane får du på slutten av 10.trinn. I nokre fag kan du få standpunktcharakter tidlegare, slik som i valfag og mat og helse.**

### **Kva er ein standpunktcharakter?**

Ein standpunktcharakter er den avsluttande karakteren du får i faget. Standpunktcharakteren skal vise den samla kompetansen du har i faget. Det er standpunktcharakteren som kjem til å stå på vitnemålet ditt frå ungdomsskulen.

### **Dersom du ønskjer å klage på standpunktcharakter:**

- Klage på standpunktcharakter sender du til skulen din. Fristen for å klage er 10 dagar.
- Dersom du ønskjer å vite kvifor du har fått karakteren din, kan du be om grunngiving, før du klagar. Fristen for å be om grunngiving er 10 dagar. Når du har fått grunngivinga, har du 10 dagar frist til å sende klage.
- Klagen må vere skriftleg og underskriven av deg eller foreldra dine. Er du under 15 år må foreldre samtykke til klage.
- Skriv gjerne kvifor du klagar.
- Klagebehandlinga kan føre til at karakteren blir ståande, karakteren blir sett opp eller at karakteren blir sett ned.

### **Kva gjør Statsforvaltaren i saka?**

Dersom du klagar på standpunktcharakteren, vil Statsforvaltaren sjå på om skulen har følgd reglane som gjeld for karakterfastsetjing.

Du finn meir informasjon om dette på våre nettsider  
([www.statsforvalteren.no/vestland/](http://www.statsforvalteren.no/vestland/)) og nettsidene til Utdanningsdirektoratet  
([www.udir.no](http://www.udir.no)).

Med venleg helsing  
Statsforvaltaren i Vestland